

Ing K Dømbe  
Litleåsvegen 49  
5132 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2580 - 22/23579

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
22.03.2022

Avvist søknad om oppføring av to bygg med 10 leiligheter - gbnr 445/36 Manger nedre

**Administrativt vedtak.**

**Saknr: 338/22**

**Tiltakshavar:**

Kvalheim Eiendom AS

**Ansvarleg søker:**

Ing K Dømbe

**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av to bygg med til saman 10 leilegheiter avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

**Tiltak**

Det vert vist til søknad motteken 16.03.2022.

Saka gjeld søknad om oppføring av to bygg, ein firemannsbustad og ein seksmannsbustad, med til saman 10 leilegheiter.

**Planstatus**

Eigedommen er omfatta av reguleringsplanen «Hesthaugen nord- gnr. 45 bnr. 36 m. fl.» datert 13.10.2015 og er avsett til B4.

**VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det vart i vedtak PLT-138/06 daterert 25.10.2006 i Radøy kommune gjeve dispensasjon for oppføring av ein seksmannsbustad og ein firemannsbustad på tomt B4. Ein dispensasjon er gyldig i tre år og er nå utgått. Det er naudsynt med planendring eller ein dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for oppføring av omsøkte tiltak.
2. I gjeldande reguleringsplan er avkøyring til fylkesveg sør i plankartet. Ved utarbeiding av reguleringsplanen «Manger sentrum» daterert 25.09.2008 er avkøyringa flytta lengre vest. Den avkøyringa som er vist i gjeldande reguleringsplan er nå avsett til anna veggrunn og fortau/gangveg. Det er naudsynt med ein dispensasjon frå reguleringsplanen «Manger sentrum» om ein ynskjer å nytta avkøyringa vist i gjeldande reguleringsplan for eigedommen. Det er då også naudsynt med eit løyve til avkøyring frå fylkesveg frå Vestland Fylkeskommune.
3. Byggjesaksavdelinga har kun motteke søknadsskjema «Søknad om tillatelse i et trinn» Alle vedlegg manglar.
4. Det er manglande ansvarsrettar knytt til søknaden.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ing K Dømbe  
Kvalheim Eiendom AS

Littleåsvegen 49      5132  
Postboks 1                5931

NYBORG  
MANGER